

DIREKTIV OM OPP-PRIORITERING AV SOLIDARITETSARBEIDET MED VIETNAM OG KAMBODSJA.

Situasjonen i Indo-Kina er nå slik at vi står rett framfor frigjeringa av Kambodsja, og FNL har ein avgjerande offensiv mot Saigon-regimet.

Eit revolusjonært parti kan ikkje sitte og sjå på revolusjon i eit anna land utan "å ha tid til" å drive støttearbeidet. Internasjonalt press er viktig for å hindre at USA grip inn. Vi kan og må utnytte dette til å propagandere for revolusjonen.

SKAU har difor vedtatt at solidaritetsarbeidet med Vietnam og Kambodsja skal prioriterast høgt. Vi har mykje anna å gjera, men når det er krig, så er det krig.

SV. Det er naudsynt å åtvare mot å vente på SV. Vi skal sjølv sagt nytte denne situasjonen til å presse SV, og vi vil helst ha dei med i arbeidet. Men vi må ikkje la vårt eige arbeid vente for å få dei med - gje tilbod, men vent ingenting. Og går dei ikkje med, skal vi nytte høvet til å avsløre dei på det.

DIREKTIV:

- a. Alle partiavdelinger skal ta del i underskriftsaksjonen for å få regjeringa til å anerkjenne PRR og GRUNC. Underskrifter bør samlast inn over alt, også på stands. Navna skal rykka st inn i lokalaviser som annonsar og listene skal sendast til Solkom.
- b. Ta kontakt med Solkom og bestill løpesettlar og anna materiale til spreiding.
- c. Partiavdelingane i alle større og mellomstore byar og viktige skulesentra må vera budde på å skipe til demonstrasjonar på stutt varsel.

Kameratsleg helsing
Organisasjonsutvalet

(Underskrivere bes samtidig om å gi en pengesum - f.eks. kr.10.- slik at teksten kan rykkes inn som annonse i dagspressa.)